

ARBEIDSPROGRAM 2022 – 2024

Arbeidsprogrammet til Naturvernforbundet fortel kva Naturvernforbundet skal jobba med i landsmøteperioden 2022 – 2024, og er eit arbeidsdokument med oppnåelege mål for perioden.

Arbeidsprogrammet følgjer dei vedtekne prinsippa i prinsippprogrammet.

Satsingsområde 1:

Eit større og meir slagkraftig Naturvernforbund

I 2024 skal mange tusen nye ha meldt seg inn i Naturvernforbundet, me har fått mange fleire aktive frivillige og fleire lokallag. Me har fått på plass nettverk, samarbeidet mellom dei ulike ledda i organisasjonen vår er styrka, og me har fått fleire økonomiske bein å stå på.

Mål

Innan landsmøtet i 2024:

- Har me runda 45 000 medlem som speglar mangfaldet i folket, og me har aktivt rekruttert fleire med minoritetsbakgrunn.
- Har alle medlemmane våre fått tilbod om å bli aktive.
- Har me blitt minst 100 aktive lokal- og studentlag.
- Har me fått i gang minst 5 uformelle, mest mogleg sjølvorganiserte nettverk for tillitsvalde og frivillige på tvers av dei ulike ledda i organisasjonen om følgjande tema: Motorveg, vindkraft, plan- og arealsaker, skog og oppdrett.
- Utgjer inntektene frå gåver og medlemmar ein større del av Naturvernforbundet sine totale inntekter.

Målsettingar:

- Me har tilsettressursar i alle fylke med like vilkår på tvers av fylka, og gode, inkluderande arbeidsmiljø.
- Me har engasjert minst 30% fleire til å bli frivillige/aktive med særleg fokus på unge, kvinner og minoritetar.
- Styrande organ i alle ledd av organisasjonen skal vera meir mangfaldige i alder, kjønn, bakgrunn og ev. politisk tilhørslse.

Slik skal me nå måla:

Overordna:

- Utarbeida strategiar med delmål og milepælar for alle måla.

Medlemsoppfølging:

- I alle kanalane våre skal det vera synleg og lett å forstå kva ein kan gjera som frivillig i Naturvernforbundet sine lokal- og fylkeslag, og korleis ein kan bli aktiv.
- Sekretariatet skal leggja til rette for sosiale møteplassar utover faglege arenaer.

44 *Oppfølging av lokal- og fylkeslag:*

- 45 • Sekretariatet bidreg i lokal- og fylkeslag sin innsats fram mot kommunestyre- og
- 46 fylkestingsvalet i 2023.
- 47 • Sekretariatet skal innan 2024 laga eit opplegg for å støtta lokal- og fylkeslag med rekruttering
- 48 og oppfølging av nye frivillige – gjerne i samråd med fylkes- og regiontilsette. Opplegget har
- 49 særskilt fokus på mangfaldet av oppgåver ein kan ha som frivillig i Naturvernforbundet.
- 50 • Sekretariatet lagar ein vegvisar med råd til korleis fylkeslag kan jobba for å skipa nye lokallag
- 51 og støtta dei som treng det, gjerne i samråd med fylkes/regiontilsette.
- 52 • Parallelt med utvikling av nye nettsider får me på plass ein ressursbank som er open og
- 53 tilgjengeleg for frivillige, tillitsvalde og tilsette i alle ledd i Naturvernforbundet. Denne skal
- 54 m.a. innehalda bilete, film, kampanjemateriell, malar og «oppskrifter» m.a. på korleis ein kan
- 55 vinna saker og gjennomføra aktivitetar. Sekretariatet oppdaterer ressursbanken jamleg.
- 56 • Det skal opprettast faste, regelmessige møtepunkt mellom sekretariatet og fylkes- og
- 57 lokallag.
- 58 • Fylkes- og lokallag skal få jamleg informasjon om kva sekretariatet kan bidra med og kven dei
- 59 kan ta kontakt med om ulike ting.
- 60

61 *Styrking av organisasjonen:*

- 62 • Sekretariatet støttar nettverka i Naturvernforbundet ved behov.
- 63 • Sekretariatet skal gjera rettleiinga for valkomitear i lokal- og fylkeslag kjend for valkomiteane
- 64 i alle ledd av organisasjonen.
- 65

66 *Fylkestilsette:*

- 67 • Sekretariatet skal leggja til rette for meir samarbeid mellom fylkes- og regionstilsette, til
- 68 dømes gjennom samlingar minst éin gong i året.
- 69 • Det skal gjennomførast to utgreiingar:
 - 70 ○ Éi for kva det vil seia for Naturvernforbundet økonomisk, administrativt og
 - 71 personalmessig å ha ein fylkestilsett i alle fylke.
 - 72 ○ Éi for om det er ynskjeleg og mogleg for tilsette i fylka å vera formelt tilsett sentralt,
 - 73 utan at dette går utover fylka sin råderett over kva deira tilsette skal gjera og jobba
 - 74 med.
 - 75
 - 76
 - 77
 - 78
 - 79
 - 80
 - 81
 - 82
 - 83
 - 84
 - 85
 - 86
 - 87

88
89
90
91
92
93
94
95
96
97
98
99
100
101
102
103
104
105
106
107
108
109
110
111
112
113
114
115
116
117
118
119
120
121
122
123
124
125
126
127
128
129
130
131

Satsingsområde 2:

Meir natur og reint miljø

Naturen med sitt rike mangfald er grunnlaget for alt liv på jorda, og naturen treng eit langt sterkare vern mot vidare nedbygging. I løpet av desse to åra skal me jobba systematisk for å auka rettsvernet til naturen. For å stoppa og snu tapet av artsrikdommen og bremsa klimaendringane, treng me meir natur – ikkje mindre – og Naturvernforbundet skal vera naturen sin fremste talsperson.

Mål

Innan landsmøte i 2024 skal:

- Prosessen med å oppretta ein miljøklagedomstol eller tilsvarande i Noreg, vera godt i gang
- Stortinget ha innført eit nasjonalt naturbudsjett med meir natur som mål.
- Naturødeleggande vindkraft-, motorveg-, hytteutbygging vera stoppa.
- Repparfjord og Førdefjorden er reine og utan gruveavfall.
- Minst 30% av norske havområde vera i verneprosessar.
- Oslofjorden vere under restaurering.

Målsettingar:

- Naturødeleggande utbyggingar skal stoppast.
- Noreg skal nå målet om 10 % vern av skogarealet innan 2025 med særleg fokus på vern av gamalskog.
- Netto natur i Noreg skal auka, og kommunane skal nytte arealnøytralitet som styringsverktøy.

Slik skal me nå måla:

Overordna:

- Laga konkrete strategiar for oppfølging av måla, med særskilt fokus på mediemerksend, møter med sentrale politikarar og alliansebygging. Fylkes- og lokallag, utval og nettverk vert involvert i arbeidet.

Naturvernforbundet skal særleg prioritera innsats:

- Til følgjande enkeltsaker:
 - Vindkraft: Rásttigáisá (Davvi vindkraftverk) og ...
 - Vasskraft: ... og ...
 - Motorvegutbygging: Ferjelaus E39 (Vestlandet) og ...
- For å verna to område mot oppdrettsindustri, som vert valt ut av landsstyret.
- For eit mellombels forbod mot hogst i gamalskog inntil verneplanarbeidet for skog er slutført, samt eit forbod mot framande treslag som sitka og lutz.

Vidare skal Naturvernforbundet:

- Laga og jobba etter ein kommunikasjonsstrategi med overordna fokus på kvifor naturvern er så viktig for å bremsa klimaendringane, korleis artsmangfaldet er avhengig av inngrepfri natur og skjøtsel, og korleis arealendringar og endra landbruk er hovuddrivarane bak naturtapet i Noreg.

- 132 • Aktivt spreia kunnskap om naturen sin eigenverdi, uerstattelege artsrikdom, naturgodane
- 133 som gjer alt liv mogleg og det grunnleggande menneskelege behovet for naturopplevingar og
- 134 friluftsliv.
- 135 • Arbeida for øymerka ressursar til miljøkompetanse og kapasitet i kommunane.
- 136 • Arbeida for strengare krav til uavhengige naturkartleggingar og konsekvensutgreiingar.
- 137 • I tillegg til å jobba for systemendringar, skal me også stoppa planar om naturøydeleggande
- 138 vindkraftutbygging, vasskraftutbygging, hyttebygging, motorvegutbygging, oppdrettsanlegg
- 139 og andre areal- og energikrevjande utbyggingar.
- 140 • Arbeida for at oppdrett vert mykje strengare regulert med minstekrav om lukka anlegg i sjø
- 141 eller i eksisterande industriområde på land.
- 142 • Arbeida for reine, levande fjordar fri frå gruveavfall og anna forureining, jobba for forbod
- 143 mot dumping av gruveavfall i sjø.
- 144 • Arbeida for å ta vare på dyrka og dyrkbar mark og insentivordningar for skjøtsel av
- 145 kulturlandskap med stort artsmangfald.
- 146 • Arbeida for ei kunnskapsbasert rovdyrforvaltning.

Satsingsområde 3:

Vegen mot nullutslepp og energieffektivisering

154
155
156
157 *Eit stabilt klima har danna grunnlaget for livet på jorda slik me kjenner det, men vert no stadig meir*
158 *ustabilt og ekstremt grunna dei menneskapede klimagassutsleppa som hopar seg opp i atmosfæren. I*
159 *løpet av desse to åra skal me stå på barrikadane for å få dei årlege utsleppskutta i me treng i Noreg*
160 *og globalt for å nå 1,5 gradersmålet.*

161 162 **Mål**

163 *Innan landsmøte i 2024 skal:*

- 164 • Noreg og verda ha fått på plass årlege utsleppskutt for å nå 1,5 gradersmålet.
- 165 • Stortinget ha stoppa tildeling av nye oljelisensar, og ha vedteke ein plan for avvikling og
- 166 rettferdig omstilling av fossilindustrien.
- 167 • Planane om elektrifisering av sokkelen med kraft frå land vera skrinlagt.
- 168 • Stortinget ha vedteke eit forpliktande mål for energieffektivisering for Noreg, og ein plan for
- 169 å nå målet.

170
171 *Målsettingar:*

- 172 • Det skal vera praksis i Noreg at eksisterande vegar vert utbetra og rusta opp, og at ferjer vert
- 173 elektrifisert i staden for å bygga 4 felts motorveg med 110 km/t.
- 174 • Naturvernforbundet skal vera ein premissleverandør som set krav om at ny industri skal vera
- 175 utsleppsfri, ikkje bygger ned natur eller øydelegg miljøet. Ny kraftkrevjande industri skal i
- 176 utgangspunktet lokaliserast i område med kraftoverskot.

178 **Slik skal me nå måla:**

179 *Overordna:*

- 180 • Laga konkrete strategiar for oppfølging av måla, med særskilt fokus på mediemerksemd,
- 181 møter med sentrale politikarar og alliansebygging. Fylkes- og lokallag, utval og nettverk vert
- 182 involvert i arbeidet.

183

184 *Politisk:*

- 185 • Koma med forslag til konkrete, årlege utsleppskutt og korleis regjeringa kan innfri desse.
- 186 • Arbeida for at karbonavgift til fordeling (KAF) eller tilsvarande ordningar får politisk fleirtal.
- 187 • Arbeida for at myndighetene prioriterer mellom kraftkrevjande tiltak, slik at det ikkje lenger
- 188 vert slik at den som spør først, får først.
- 189 • Arbeida for omlegging av transportsektoren i tråd med tilrådingane i Naturvernforbundet sin
- 190 rapport «Fossilfritt Noreg 2040».
- 191 • Arbeida for redusert trafikk og omlegging av godstransport frå veg til bane og sjø.
- 192 • Arbeida for reduksjon i flytrafikken og særskilt prioritera innsats mot tredje rullebane på
- 193 Gardermoen.
- 194 • Arbeida for krafttak på jernbanen mellom dei fire største byane innan 2024.
- 195 • Arbeida for at ENOVA vert vår tids husbank med energisparetiltak som hovudføre mål.
- 196 • Arbeida for politisk gjennomslag for langt betre insentivordningar for at folk og verksemder
- 197 skal gjera energisparetiltak i hus og bygg.

198

199 *Kommunikasjon og kampanje*

- 200 • Aktivt spreia kunnskap om klimaendringane, konsekvensar og løysingar, og korleis natur og
- 201 klima heng uløseleg saman.
- 202 • Laga og jobba etter ein kommunikasjonsstrategi med overordna fokus på korleis klima heng
- 203 saman med forbruk, kor mange prosent utsleppskutt me treng årleg for å nå 1,5
- 204 gradersmålet, og korleis naturvern og restaurering av økosystem bidreg til å lagra karbon.
- 205 • Synleggjera den internasjonale klimainnsatsen vår, visa at me jobbar for å fasa ut kol og olje
- 206 også andre stader i verda.
- 207 • Gjennomføra ein storstilt kampanje for å inspirera folk og verksemder til å redusera
- 208 energiforbruket.

209

210

211

212

213

Satsingsområde 4:

214

Det gode liv med mindre ting

215

216 *Fellesnemnaren for alle miljøproblema er vårt samla overforbruk av kloden sine ressursar – både*

217 *fornyelege og ikkje-fornyelege. Å bremsa klimaendringane og snu tapet av naturen og*

218 *artsmangfaldet, krev djuptgripande endringar i korleis me lever, forbruker, et, bur og reiser.*

219 *Naturvernforbundet skal både jobba for politiske tiltak som legg til rette for eit lågare forbruk, og*

220 *inspirera til haldningsendringar gjennom å visa at eit enklare, mindre materialistisk liv kan skapa meir*

221 *glede og auka livskvalitet.*

222

223

224 **Mål**225 *Innan landsmøtet i 2024 skal:*

- 226 • Forbruket av fornyelege og ikkje-fornyelege ressursar vera redusert.
- 227 • Planar om nye hyttebyar i naturen skal vera skrinlagt.

228

229 *Målsettingar:*

- 230 • Naturvernforbundet held fram med å vera ein sentral aktør i arbeidet mot marin forsøpling, og for alternativ til avfall som ikkje kan brytast ned i naturen.

232

233

234 **Slik skal me nå måla:**235 *Overordna:*

- 236 • Laga konkrete strategiar for oppfølging av måla, med særskilt fokus på mediemerksmd, møter med sentrale politikarar og alliansebygging. Fylkes- og lokallag, utval og nettverk vert involvert i arbeidet.

239

240 *Organisasjon:*

- 241 • Visa korleis ei omstilling vekk frå natur- og klimakrisa kan bety ein enklare men betre måte å
242 leva på, mellom anna med døme på korleis redusert forbruk kan gje betre livskvalitet. Me vil
243 oppnå dette til dømes gjennom kampanjar, mediemerksmd, føredrag, portrettintervjueriar
244 i medlemsbladet vårt og på nettsidene.
- 245 • Sekretariatet legg til rette for at fylkes- og lokallag kan jobba med miljøvenleg kvardag og
246 forbruk (til dømes klesbyttedag, fiksefestar, strandryddedagar), samt naturgledearrangement
247 (til dømes gjennom idear og materiell).

248

249 *Politisk:*

- 250 • Formidla naturglede.
- 251 • Arbeida politisk for insentivordningar for redusert forbruk, retta mot både folk og
252 verksemdar.
- 253 • Arbeida for politiske tiltak som fremjar delingsøkonomi, t.d. meir deling av hytter, verktøy,
254 utstyr og liknande.
- 255 • Fremja og jobba for positive, konstruktive og løysingsorienterte aktivitetar og saker om
256 gjenbruk, ombruk, attvinning og deling.
- 257 • Styrka lokale initiativ for miljøvenleg matproduksjon og redusert matsvinn.